

Super skuledag på Rødtunet.

14.12.2016



Denne flotte gjengen hadde ein kjempedag på Rødtunet.

Det skjer tydelegvis veldig mykje kjekt på Uskedal skule no i vekene før jul. I går fekk vi inn ein kjekk reportasje om masse kjekke aktivitetar. I dag var eg nedom skulen og fekk vera med på kjekk forestilling då elevane fekk nye refleksvestar, og no i kveld fekk eg inn denne kjempekjekke saka frå 2. klasse som hadde ein super dag på Rødtunet.



Både spøting og karding var med på programmet.

I dag har 2.klasse ved Uskedalen skule hatt ein kjekk dag. Vi gjekk ut Rødstien om morgonen godt påkledd og med lommelykt. Der stod Siv og ynskte oss vekomne til Rødtunet.

Vi sette i gong og arbeidde for å få unna det som skulle gjerast til jul. Det var karing og strikking, fiske, henting av vatn og vasking av både tøy og golv, kverning av korn slik at dei som baka flatbrød fekk nok mjøl, det var saging av ved og arbeide med jern i smia, vi fekk til og med tid til å pusse skoa før jul.

Sulten tok oss etter alt arbeidet, og det var på tide å benke seg i stova. Siv og Atle serverte pølsesuppe og 'nysteikt' flatbrød som smakte deilig i kalde kroppar. Under måltidet vart det fortalt om viktigheten av at alt arbeidet var gjort slik at ikkje Åsgårdsreia vart vrang og fann på fanteskap.

Det vart pynting av juletreet etter maten. Så åt vi appelsiner som var komne med båten frå Amerika. Store greier når ein ikkje hadde så mykje.

Til slutt fekk alle gå rundt å jobbe og sjå der dei ikkje hadde vore, eller der dei ville vere meir. Så hjalp vi litt til med rydding før vi gjekk heim same vegen som vi kom.

Det er mykje arbeid både før og etter ein slik tur. Tusen takk til Siv, Atle, Leif og Anna som brukte dyrebar førjulstid på å gje oss gode og minnerike opplevingar.



Full aktivitet både ute og inne.



Når dei skulle henta vatn var det godt å ha åk.



Godt å kunna varma seg!



Kornet måtte malast på kverna før ein kunne bruka mjølet til baking.



Deet var viktig å få ved i hus til jul.



Det var godt å ha ein bekk i nærleiken.



I stova var det kos med pølsesuppe og nysteikt flatbrød.



Desse jentene hadde ein koseleg og lærerik dag saman med resten av klassen.

Tekst: Elisabeth Amundsen/Gunnbjørg S. Eik
Foto: Elisabeth Amundsen/Siv Framnes
Nett: Thor Inge Døssland